

Hemoglobin A1c (HbA1c)

Glykosilert hemoglobin

Bakgrunn

HbA1c er hemoglobin A med glukose bunde i dei aminoterminala endane av betakjedene.

b-HbA1c er eit uttrykk for gjennomsnittleg b-glukose dei siste 6 - 8 vekene før prøvetaking, under føresetnad av at erytrocyttane har normal levetid.

Indikasjonar

Diagnose og kontroll av diabetes mellitus. HbA1c kan ikkje nyttast til diagnostisering av svangerskapsdiabetes.

Prøvemateriale



EDTA-blod. Haldbarheit: 4 døgn.

Referanseområde

4,0 - 6,0 %

Tolking

Tolking føreset at levetida til erytrocyttane er normal og at pasienten ikkje har fått blodtransfusjon dei siste 2 – 3 månadane.

Ein ser høge verdiar ved auka gjennomsnittleg blodsukker og låge verdiar ved auka hemoglobinomsetnad som ved hemolytiske anemiar.

Diagnostikk: Dersom pasienten har symptom på diabetes eller det er klinisk mistanke om diabetes, er HbA1c > 6,5 % forenelig med at pasienten har diabetes. Dersom pasienten ikkje har symptom på diabetes eller det ikkje er klinisk mistanke om diabetes må ein ha to testar over diagnostisk grense før diagnosen blir stilt.

Behandlingskontroll: Ved diabetes mellitus må behandlingmålet for pasientane individualiserast.

Yngre pasientar: HbA1c < 7,5 %

Eldre pasientar (> 75 år): HbA1c < 9,0 %

b-HbA1c blir lågare i løpet av graviditeten, med lågast verdi i 2. trimester. Dette må ein ikkje feiltolke som ei normalisering av glukosestoffskiftet.

Laboratoria i Helse Førde tilfredsstillar Helsedirektoratet sine krav til analysekvalitet for å bruke HbA1c til diagnostikk av diabetes mellitus.

Biologisk variasjon: Intraindividuell biologisk variasjon: 1,9 %